

Møte med referansegruppe – reguleringsplan Børnes næringsområde

Tilstades

Referansegruppa: Marit Hjørnevang, Roar Musland, Svein Arne Eidsvik.

KNU: Anbjørn Høivik, Kjartan Thoresen (referent).

Med utgangspunkt i brev som er sendt tidlegare. I tillegg nokre merknadar frå Christian Tveiten og Rune Hjørnevang.

Marit Hjørnevang: oppteken av knuseverket og korleis dette vert handtert i planen. Det finnest ikkje løyve for knuseverk på Børnes industriområde. Ønskjer at knusing av steinmassar skal føregå på kvar einskild tomt. Ei kotehøg i området til Eidsvik. Saknar betre vurdering av ulike sider ved steinknusing og kotehøgder i planen.

Svein Arne Eidsvik er oppteken av kva krav som vert stilt i samband med opparbeiding av kaianlegg (td. den kommunale tømmerkaiaen dersom den skal utvidast). Spør om kva konkrete utbyggingsplanar som ligg føre.

Svein Arne Eidsvik er nøgd med planforslaget og planomtalen, og meiner at Hjørnevang sine interesser vert ivareteke gjennom Mattilsynet sine rammer og rammene som vert sett mtp. steinknusing. Vil ikkje ha definert type næring som skal inn på tomtene. Vil at grøntarealet G3 må erstattast med næringsareal. Er utnyttingsgrad inkl. parkeringsareal? Utnyttingsgrad må presiserast/tydeleggjerast. Områda BN6, BN7 og BN10 bør ha høgare u-grad enn forslaget som ligg føre.

Krav til kaihøgde bør vere 3moh. eller helst gis rammer med ein viss fleksibilitet, td. 2 – 3 moh.

Dronebilete som er brukt i planforklaringa må krediterast fotografen (Frode Eidsvik).

Vegtilkomsten til bustadhusa på bn10 og bn11 må løysast på annan måte. Blir ein dyr veg.

Referansegruppa meiner at vegbreidd er for stor. Forslag om 6m i staden for 7,5m. Viktigast at det er møteplass for store bilar. Rekkfølgekravet om opparbeiding av fortau bør vekk. Ynskjer at kommunen skal ha ansvar for fellesveg i planområdet – opparbeiding og vedlikehald/brøyting.

Roar Musland ønskjer å bruke arealet til foredle massane som er på staden. I tillegg skal området brukast til massehandtering/sortering/mellomlagring av massar.

Christian Tveiten sine planar; vegbreidde; 7,5 m er for mykje vegbreidde. Dette stel for mykje av tomtane.

Rune Hjørnevang ynskjer ei betre utnytting av si tomt, internveg i planforslaget slik det no ligg føre tek for mykje areal.

Referansegruppa stiller spørsmål om kven som skal koste opparbeiding og drift av p-plassar og infrastruktur til nausta mm.

På framsida av plandokumentet er det skrive feil gards-/bruksnr.